

Handlingsplan til kulturmiljøplanen

Handlingsplanen er bygd opp på same måte som kulturmiljøplanen, med oppdeling i ulike tema, og det er sett opp status og overordna mål for kvart tema. I tabellen under er det satt opp tiltak som det er behov for eller ønskje om å gjennomføra, og eitt tiltak kan gjelde fleire tema.

Rullering av handlingsplanen og tiltak som er satt opp skjer kvart andre år.

Ein del av kulturminna er det Riksantikvaren og fylket som er ansvarleg for, som til dømes Stødle kyrkja, men kommunen har eit medansvar for tilrettelegging og formidling av dei kulturminna dett gjeld.

I del 3 av kulturmiljøplanen vil ein finna planforslaget, med nærare beskriving av blant anna grunnlag for prioritering av kulturminne, forvaltning av kulturminne og registrerte kulturminne. Under registrerte kulturminne er det nærare forklart kva verdisetjing og verdivekting som ligg til grunn for dei prioriterte kulturminna i kulturmiljøplanen, og kva verkemiddel som finnes for vern av kulturminne.

I del 4 av kulturmiljøplanen står det blant anna om god forvaltning av kulturminne og kva for innsats som kan vera aktuell overfor eigarar av kulturminne.

Status, mål og aktuelle tiltak innanfor ulike tema i planen

Nokre tiltak kan gå inn i den ordinære drifta/aktiviteten i kommunen. Andre kan berre gjennomførast dersom det blir sett av ekstra midlar til det. Ein del tiltak er det mogleg å få eksterne tilskott til.

Arkeologiske kulturminne

Status: Ein del av dei viktigaste kulturminna er skilta og tilrettelagde, men mykje av dette bør fornyast. Nokre viktige kulturminne manglar heilt tilrettelegging.

Mål: Etne kommune har som mål å gjera den eldste delen av historia kjend ved å gjera kunnskap om viktige kulturminne tilgjengeleg, og gjera dei fysiske tilgjengelege for publikum. Utnytta potensialet for profilering og marknadsføring overfor reiselivet.

Landbruk og kulturlandskap

Status: Størstedelen av kulturminna i Etne er bygningar knytt til landbruk. Ein del blir teke vare på, men eigarane har ansvar for ein stor bygningsmasse, som dei ofte ikkje har bruk for. Mykje er truga av forfall, og mange bygningar er borte. Modernisering kan òg vera ei utfordring. Kommunen forvaltar SMIL-ordninga der ein kan gje støtte til kulturverntiltak på gardsbruk i drift.

Mål: Å stansa forfallet av verdifulle kulturminne (klasse A og B) knytt til landbruk, og stimulera til vern gjennom bruk. Stimulera til beiting og skjøtsel i kulturlandskapet i samarbeid med landbruksforvaltninga.

Kulturminne langs vassdraga

Status: Mange av dei eldre kulturminna knytt til bruk av vassdraga, som kverner og sager, er i ruinar eller i forfall. Nokre er restaurerte. Vasskrafta blir nytta til produksjon av elektrisitet, mellom anna i Littledalen, på nordsida av Åkrafjorden og ved småkraftverk.

Mål: Å sikra at dei ståande kvernhusa og (minst) ei gardssag (Djuve) blir bevart for ettertida. Å vera merksam på at ruinar at eit utval av ruinar blir bevarte som lokalhistorisk dokumentasjon for ettertida. Bevare viktige kulturminneverdiar knytt til funksjonærbustadmiljøet på Aukland i Littledalen.

Kulturminne knytt til bruk av fjordane

Status: Bruk av sjøen/fjorden har gjennom alle tider vore ein viktig del av levemåten til innbyggjarane i Etne. Det er mange verdifulle naust og andre kulturminne langs sjøen, men få heilskaplege sjøbruksmiljø att. Utbygging har endra karakteren til mange sjøbruksmiljø. Mange viktige sjøbruksmiljø og einiskildbygg er truga av forfall, og nasjonalt er kulturminne til sjø ein av dei mest truga kulturminnetypane.

Mål: Å sikra eit utval av sjøbruksmiljø for ettertida.

Kulturminne knytt til industri, handverk og småindustri

Status: Det har vore eit stort mangfald av verksemder i denne kategorien i Etne. Noko finst framleis, men mykje er heilt eller delvis borte.

Mål: Å ta vare på og gjera kjend eit utval kulturminne som dokumenterer denne sida av historia.

Kommunikasjon og samferdsle

Status: Det finst ei rekkje veganlegg med verneverdi i Etne. Postvegane er kommunalt verneverdig og tilgjengelege som turstiar. Gamle Åkrafjordvegen er for ein stor del bevart. Fleire steinkvelvingsbruer finst framleis under nyare veg.

Mål: Å ta vare på eit representativt utval kulturminne knytt til samferdsle. Å gjera gamle ferdsluvegar tilgjengelege som turvegar.

Tru og kyrkje

Status: Kyrkjer og kapell blir jamleg vedlikehaldne og er hovudsakleg i god stand. Etne prestegard er freda. Kyrkjegardane som er i bruk blir vedlikehaldne av kyrkja. Det er behov for betre formidling (skilting mm) av dei eldste kyrkjene.

Mål: Å formidla og gjera kjend historia knytt til kyrkjene.

Tettstader, handel og offentleg verksemd

Status: Etne har fleire verdifulle handels- og tettstadsmiljø.

Mål: Sikra at utvikling i Etne og Skånevik skjer med omsyn til det historiske tettstadsmiljøet. Bevare handelsstadene Kyrping, Markhus og Bjellandsnes.

Organisasjonsliv og forsamlingshus

Status: Det er mange bedehus i kommunen, og færre av andre typar forsamlingshus.

Mål: At minst eitt av bedehusa blir teke vare på i opphavg stand. Dokumentera historia til andre forsamlingshus.

Kulturminne knytt til personar, historier og segner

Status: Det er registrert nokre kulturminne som hovudsakleg har sin status knytt til segner og historier. Desse er lite kjende og ikkje skilta og merka.

Mål: Gjera segner og kulturminna knytt til dei kjende for innbyggjarane. ([Segner/Sagn på Vestlandet](#))

Forsvars- og krigsminne

Status: Det finst ulike typar krigsminne etter 2. verdskrigen i Etne: Restar etter Etne militærsjukehus, hytter i fjellet brukt av motstandsfolk og til å skjula flyktningar, og minnesmerke over falne.

Mål: Gjera historia kjend for innbyggjarane.

Kulturminne frå etterkrigstida

Status: Dette er kort gjort greie for i kulturminneplanen, og det er peika på eit lite utval representative kulturminne. Førebels er lite av dette aktuelt å verne, men det er viktig å vera merksam på at også dette vil vera viktige kulturminne for ettertida.

Mål: Å ta vare på eit representativt utval av kulturminne frå etterkrigstida.

Det er vurdert om det er behov for ekstra ressursar for å gjennomføra tiltaka, og ekstra ressursar vil ofte vera midlar til prosjekt for å få gjennomført aktuelle tiltak. Det er pr. nå ikkje laga kostnadsoverslag for dei enkelte tiltaka, det vil bli gjort når ein vurderer gjennomføring av tiltaka.

Tiltak – generell forvaltning av kulturminne	Ansvar	Ekstra ressursar	Tidsramme / frist	Merknader
Gode rutiner for lokal forvaltning i saker som angår kulturminne	Kultureininga Planavdelinga	Nei	2022 ->	Få på plass rutiner, og følgja opp. Kontinuerlig arbeid
Informasjon på kommunen si nettside om støtteordningar	Kultureininga	Nei	2022 ->	Stimulere til bruk av eksterne tilskotsordningar til kulturminne, som Kulturminnefondet og Tilskot til verna kulturminne i Vestland
Forprosjekt- Kompetanseprosjekt i Sunnhordland (KIK-prosjektet)	Kultureininga Planavdelinga	Nei	2022	Kartlegging av kulturvern i kommunane, kompetanse og ressursar. Målet er å få på plass regionale ressursar spisskompetanse som kan bistå kommunane i kulturvernarbeidet.
Bruke kulturminneplanen i samband med SMIL-tildelingar	Planavdelinga – landbruk Kultureininga	Nei	Årleg	Samarbeid landbruk/kultur.
Lokal pott til støtteordning for eigarar av verna kulturminne	Kultureininga Politisk vedtak Vestland fylkeskommune	Ja	Årleg	Til forsterking av fylkeskommunal tilskotsordning. Kommunen kan bidra økonomisk med fritak for eigedomsskatt for bygg som står på A-lista.
Registrere verna kulturminne som ligg i omsynssonene i Askeladden og Kulturminnesøk	Kultureininga	Tilskott frå fylket/ Riksantikvaren (KIK- midlar) Ja	2023 ->	Kulturminne som blir lagt inn i Riksantikvaren sin database Askeladden er tilgjengeleg, info vil bli utvida og bilete lagt til etter kvart når det er kapasitet

Tiltak – generell forvaltning av kulturminne	Ansvar	Ekstra ressursar	Tidsramme / frist	Merknader
				Må kartlegge behovet, og lage estimat for kostnader
Opprette kulturvernpris/byggeskikkpris	Kultureininga Planavdelinga Politisk vedtak	Ja (?)	2022	Plakett – vurdere om det er aktuelt med prispengar
Plan for sikring av viktige kulturminnetypar	Kultureininga Planavdelinga	Ja	2024	Aktuelle kulturminnetypar: <ul style="list-style-type: none"> • Husmannsplassar • Andre? Må kartlegge behovet, og lage estimat for kostnader
Det må vurderast om fleire kulturminne frå etterkrigstida skal sikrast i samband med framtidig rullering av kulturmiljøplanen.	Kultureininga Planavdelinga Politisk vedtak	Nei	2024	Aktuelle bygningar som kan vurderast: <ul style="list-style-type: none"> • • Planteskulen • Andre?

Tiltak - formidling	Ansvar	Krev ekstra ressursar	Tidsramme / frist	Merknader
Arkeologiske kulturminne Skilting og fysisk tilrettelegging av viktige arkeologiske kulturminne (etter eiga prioriteringsliste)	Vestland fylkeskommune Kultureininga	Ja	Må avklarast nærare	Lage ein plan i samarbeid med fylket
Arkeologiske kulturminne Digital formidling av arkeologiske kulturminne (f.eks QR-kodar som viser til tekstar på kommunen sin nettstad)	Vestland fylkeskommune Kultureininga	Ja	Må avklarast nærare	Lage ein plan i samarbeid med fylket
Arkeologiske kulturminne Presentera lausfunn frå Etne på Skakke gjennom framsyning av originale gjenstandar, gode kopiar og ved digital formidling	Kultureininga Vestland fylkeskommune	Ja	Må avklarast nærare	Må avklara med Vestland fylkeskommune og Bergen Museum

Tiltak - formidling	Ansvar	Krev ekstra ressursar	Tidsramme / frist	Merknader
Arkeologiske kulturminne Jernaldergarden (under Bondekompaniet/Coop) - skilting	Kultureininga	Nei	2023	Må avklare om det er satt av midlar for å frå Bondekompaniet til å dekke dette
Formidling av historia knytt til Stødleterrassen	Kultureininga	Ja	Må avklarast nærare	Det er løyvd 150 000 frå fylkeskommunen knytt til Stødleterrassen
Formidling av kulturhistoria i Etne for <ul style="list-style-type: none"> • Skuleelevar • Turistar • Alle som er interessert 	Kultureininga	Ja	2025	Legga til rette for formidling av kulturhistoria, i samarbeid med lokale aktørar og reiseliv
Tursti-prosjektet – merka turar til historiske mål	Kultureininga Turlag/idrettslag, sogelag andre?	Ja	2024	Må avklarast nærare. Sjølve tursti- prosjektet er under arbeid, dette er ei vidareutvikling av dette prosjektet.
Merka og skilta gamle ferdslvegar som turstiar etter nærare plan (etter kartlegging), samordna med prosjektet «Friluftslivets ferdslårer»	Samarbeid Kultureininga og frivillige	Ja	2017 ->	Eigeninnsats, midlar til skilting, samarbeid med frivillige. Under arbeid.
Skilting ved kyrkjene – Stødle, Grindheim og Gjerde	Kultureininga i samarbeid med kyrkja	Ja	2024	

Tiltak – kurs/kompetanse	Ansvar	Krev ekstra ressursar	Tidsramme / frist	Merknader
Oppfølging av eigarar av viktige kulturminne, i etterkant av at kulturmiljøplanen er vedtatt	Samarbeid kultureininga og utvikling (plan/landbruk)	Nei	2023	Invitere til informasjonsmøte etter kulturmiljøplanen er vedtatt (omsynssoner, tilskot mm.)
Ulike kurs i gamle håndverksfag, grindverksbygg, vindusrestaurering, helle/tak (ikkje uttømmande liste). Lage plan for kurs som er aktuelle	Samarbeid kultureininga og utvikling (plan og landbruk)	Ja	2023 ->	Kartleggja håndverkskompetansen som fins lokalt. Samarbeid med byggningsverntenesta ved Sunnhordland museum.

Følgjande tiltak blir vurdert ved rullering av handlingsplanen

Område	Tiltak til vurdering
Landbruk	Formidla historia om husmannsvesenet, og sikra at eit representativt utval av husmannsplassar blir teke vare på
Vassdrag	Kulturminneskilt ved prioriterte vassdragsmiljø – etter nærare plan – skilt har ein kostnad
Tettstader, handel og offentleg verksemd Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Laga områdeplan for forvaltning av sentrumsmiljøet i Skånevik - Eigeninnsats, samarbeid med td. bygdalag • Plan for sikring av handelsstadene Kyrping og Markhus - Eigeninnsats, samarbeid med eigarar • Bjellandsnes? • Sikra at 1 - 2 (?) skulebygg blir bevart som museum
Organisasjonsliv og forsamlingshus	<ul style="list-style-type: none"> • Stimulera til bevaring av forsamlingshus - Eigeninnsats, samarbeid med frivillige, eksterne midlar • Forslag – Rygg, Galleri Jespersen, ungdomshus (kva for hus?)
Kulturminne knytt til personar, historier og segner	<ul style="list-style-type: none"> • Skilting og merking av aktuelle kulturminne – eigeninnsats, samarbeid med frivillige – skilt har ein kostand • Forslag Willum Ekrheim (hus), Rudolf Krog (hus Krogstuen)
Kulturminne knytt til industri, handverk og småindustri	Vurdere om det er aktuelle tiltak knytt til dette området. Sildefabrikken i Skånevik, Krafthistorie i Litledalen, Treverkstad på Fjøsne